

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 09.10.2017

Til stades: Gunnar Dalseth, Lars Sæverhagen,, Kenneth Vikane, Olav Bernt Strømsnes, Una Eiken, Marta Samland, Sigmund Eiken og Kaia Gulbrandsen

Referent: Kaia Gulbrandsen

Sak 2017/71: Innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2017/72: Godkjenning av referat frå styremøte 11.09, 25.09 og møte 26.09. Alle 3 referat godkjent utan kommentarar.

Sak 2017/73: Oppsummering av prosessen med avtalen om å bruke kulturhusplassen til tømmertransport.

Gunnar gjorde reie for prosessen rundt saka. Arbeidet går i følgje avtale datert 26.09.17. Styret minner om at plassen utanfor kulturhuset er stengd for all parkering i hogstperioden, vis varsemnd ved anna ferdsel. Ansvarleg grunneigar til tømmerhogsten, Haldor og Berit Tuvinn, er ansvarleg for at plassen er ferdig rydda og tilbakestilt innan 15.11.17 i fylgje avtalen. Herand Bygdelag har stilt plassen til disposisjon for grunneigar, alt ansvar for prosjektet ligg og hos denne og hogstselskapet Hardanger Skog.

Sak 2017/74: Status for planlegging av 20 års jubileumsfesten 28.10.17;

Styret tok ein gjennomgang på planane. Invitasjon til festen er no klar, og me vonar flest mogleg ynskjer å delta i å markere 20 år med godt arbeid for folk og bygd. Velkomne til alle!

Sak 2017/75: Status for arbeidet med å få ny butikk;

Gunnar refererte folkemøte 25.09. Han har sidan vært i kontakt med Bjørsvik, og etterlyst meir info rundt kva han treng for å gå inn i prosessen med å starte opp butikk i Herand. Bygdelaget inviterer nokre bygdefolk til å være med i ei lita arbeidsgruppe som kan drive prosessen vidare.

Sak 2017/76: Status for Liv og Lyst;

Det vert ikkje søkt midlar til eit treårig prosjekt i denne omgang. Me er framleis med i Liv og Lyst nettverket, og kan ev søke prosjekt seinare. Her kan me og få kurs/rådgjeving/informasjon om bygdeutvikling.

Sak 2017/77: Info om kurs i Frivilligsentralen 18.10 og 15.11.

Kaia og Gunnar var på kurset med tema Marknadsføring/sosiale medium 20.09. Ingen frå styret i Herand Bygdelag var på kurs i rekneskap 26.09, Gunnar deltok på eit tilsvarande i vår. Me prøver å stille nokon på kurs i Visjon-mål-plan 18.10. 15.11 er styrearbeid tema. Bygdelaget oppmodar og andre lag i bygda til å stille. Takk til Frivilligsentralen for ei «matnyttig» kursrekke!

Sak 2017/78: Utsett sak om rekneskap og budsjett;

Styret tar sikte på å etablere rutinar for å lage eit årsbudsjett der ein kan prioritere utgifter/prosjekt og inntekter. Styret ynskjer ikkje at eigenkapitalen i bygdelaget skal gå under kr. 250.000,-.

Sak 2017/79: Finansrapport;

Pr 30.09.17 ser det ut til at året går i balanse og økonomien er god. Men me må vere OBS på inntektene, det er utbetaling av prosjektmidlar til kjøkkenet som gjev balanse i år.

Sak 2017/80: Eventuelt;

- Det er invitert til et møte i Odda 18.10. i opplæring i nytt system for søking på fylkeskommunale tilskotsordningar (tippemidlar). Ingen i styret har høve til å møte.
- Bygdelagsbasaren og blom til nyinnflytta må førast som sak på neste møte.
- Det vert en ryddedugnad laurdag 14.10 kl. 10.00 på kulturhuset. Kontoret må ryddast, bord/benkar må under tak, blomepotter må til gartneriet++++. Alle som har høve må gjerne vere med!